



Møtebok

Utval: Stad kontrollutval
Møtestad: Kommunehuset Selje 2.etg
Dato: 19.10.2022
Tid: Kl. 10:00 - 10:58

Følgjande medlem møtte

	Parti
Magne Fure	H
Jessica Haaland	KRF
Malene Friberg	SP
Håkon Sjøstad	SV

Forfall

	Parti	Varamedlem	Parti
Kariann Myklebust Fagerli	V	Brit Moa	V

Møteleiar: Håkon Sjøstad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
22/023	Godkjenning av innkalling og sakliste
22/024	Godkjenning av møteprotokoll
22/025	Referatsaker
22/026	Økonomirapportering pr. 30.04.2022
22/027	Revisjonsplanlegging finansiell revisjon 2022
22/028	Gjennomgang av møterprotokollar
22/029	BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2023 – STAD
22/030	ÅRSREKNESKAP, ÅRSMELDING, REVISJONSMELDNG 2021 NORDFJORD MILJØVERK IKS (NOMIL)
22/031	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet
22/032	Saker til eventuell seinare behandling



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/32759
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 13.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/023	Stad kontrollutval	19.10.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

Merknad: Innkalling og dei faste sakene har kome med Kinn kommune sin logo så det må ordnast.

STKU- 22/023 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/32249
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 07.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/024	Stad kontrollutval	19.10.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

16.06.2022 Protokoll - Stad kontrollutval - 14.06.2022 1505211

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

STKU- 22/024 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/32760
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 13.10.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
22/025	Stad kontrollutval	19.10.2022

Referatsaker

Dagleg leiar si tilråding:

Referete saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Vedlegg i saka:

19.10.2022 Referatsaker 1530408

Underliggende saker:

1, FKT - Handtering av henvendingar til kontrollutvalet

2, Påvirker økt inflasjon kommunene?

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

STKU- 22/025 Vedtak:

Referete saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv:
JournalpostID: 22/32720
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 12.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/026	Stad kontrollutval	19.10.2022

Økonomirapportering pr. 30.04.2022

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek økonomirapporten 1. tertial 2022 til vitende.

Vedlegg i saka:

13.10.2022 Økonomi- og tenesterapport pr. 30.04.2022 1530358

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

STKU- 22/026 Vedtak:

Kontrollutvalet tek økonomirapporten 1. tertial 2022 til vitende.

Saksopplysningar:

Økonomirapporten 1. tertial 2022 blir lagt fram for Kontrollutvalet slik at utvalet kan følge med i den økonomiske utviklinga gjennom året. Kontrollutvalet sitt arbeid med kommunen sin rekneskap munnar ut i utvalet sin uttale om rekneskapen pr. 31.12.

Vi viser til kommune direktøren v/økonomisjefen sitt saksframlegg i kommunestyresak 21/077 og til vedlegget i saka.

- Tertialet har vore prega av å omstille drifta av organisasjonen til lavare kostnader. Drifta må reduserast til dei økonomiske rammene kommunen har både på kor og lang sikt. Det må gjerast gjennomgangar av kva som er mogeleg å gjere av strukturendringar.
- I rapporten kjem det fram vesentleg meirforbruk i forhold til budsjettet pr. 30.04.2022. Rekneskaps-kolonna inneheld rekneskapsførde tal som ikkje er periodiserte og viser ikkje noko reelt resultat. Det er derfor viktig å lese tekstdelen.

- Kommunedirektøren vurderer det slik at drifta er i samsvar med budsjettet.
- Lønsutgiftene totalt sett er litt under det som budsjettet. Her er det variasjonar mellom einingane. Nokre har meirforbruk, nokre mindreforbruk.
- Kommunen har hatt koronakostnader på 3,7 mill. siste tertial. Ein forventar at noko blir refundert via Statsforvaltaren, men det er ikkje klart på dette tidspunkt.
- Andre kostnader er omtrent som budsjettet.
- Regjeringa forventar auka inntekter framover.
 - Det er venta auke i skatteinntektene i 2022 med kr. 16,7 mill.
 - « « « utgiftsutjamninga med 12,5 mill.

- Det totale sjukefråveret i 1. tertial var på:
 - 9,44 %, nedgang frå 10,75 % i 1. tertial 2021 og auke frå 8,2% i same periode i 2020.
 - Sjukefråværet i 1. tertial er om lag på same nivå som heile 2021 på 9,56 %.
 - Målet for kommunen er at sjukefråveret ikkje skal vere høgre enn 5,5%.

- Auke i folketalet i 1. kvartal i 2022 med 18 personar. Det utgjør 0,19 % som er omtrent på landsgjennomsnittet.
- Sjå elles informasjon om dei enkelte kommunalområda
- Stad Fjordvarme KF:

Resultatprognose for 2022 og investeringsprosjekta er i samsvar med budsjettet .

- Stad Eigedomsutvikling KF:

Resultatprognose for 2022 og investeringsprosjekta er omtrent i samsvar med budsjettet .

Økonomisjefen vil vere i møtet for å orientere.

Sakshandsamar: Jorunn Sandal

Vest kontroll

Dagleg leiar

Jostein Støylen



Arkiv:
JournalpostID: 22/32291
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 07.10.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
22/027	Stad kontrollutval	19.10.2022

Revisjonsplanlegging finansiell revisjon 2022

Bakgrunn for saka:

Vestland Revisjon har utarbeida planleggingsdokumentet for finansiell revisjon for 2022.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende Vestland Revisjon sin plan for finansiell revisjon 2022 for Stad kommune.

Vedlegg i saka:

13.10.2022 Presentasjon i Stad kontrollutval 1529501

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

STKU- 22/027 Vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende Vestland Revisjon sin plan for finansiell revisjon 2022 for Stad kommune.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/32256
Saksbehandlar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 07.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/028	Stad kontrollutval	19.10.2022

Gjennomgang av møterprotokollar

Bakgrunn for saka:

For best mogleg kontroll må ein vere oppdatert om kommunen. Gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumentta finn ein på Stad kommune si heimeside –

<https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

STKU- 22/028 Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysningar:

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet	09.06
Eigedomsskatt – Klagenemnd	20.04
Eigedomsskatt – Sakkundig nemnd	31.03
Finansutvalet	09.06
Nordfjordreådet	13.06 05.09 26.09

Stad Eignedomsutvikling KF	09.05 29.08 06.10 12.10
Stad eldreråd	07.06 05.09
Stad Fjordvarme KF	04.04
Stad formannskap	09.06 08.09
Stad kommunestyre	12.05 16.06 15.09
Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.06 05.09
Stad ungdomsråd	07.06 08.09
Utval for areal og eigedom	07.06 06.09 04.10
Utval for helse og omsorg	08.06 06.10
Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	07.06 06.09
Utval for oppvekst og opplæring	08.06 07.09
Valstyret	

Vest kontroll
 Jostein Støylen
 Dagleg leiar



Arkiv:
JournalpostID: 22/32695
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 12.10.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
22/029	Stad kontrollutval	19.10.2022

BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2023 – STAD

Saksopplysningar:

Forskrift om kontrollutval og revisjon § 2:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

- Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr.170 000.
- Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Vestland Revisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjetta ligg til representantskapa i selskapa.
- Kontrollutvalet tek til vitende den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 med kr.1 466 000.

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

STKU- 22/029 Vedtak:

- Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr.170 000.
- Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Vestland Revisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjetta ligg til representantskapa i selskapa.
- Kontrollutvalet tek til vitende den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 med kr.1 466 000.

Saksopplysningar:

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille nødvendige ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalet si eiga verksemd, sekretariats-bistand og revisjon kjem fram.

Utdrag frå Kontrollutvalsboka: «For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.»

Det er forskriftsfesta at kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll og tilsyn skal leggest fram for kommunestyret uendra. I kommune- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for kontrollutvalsarbeidet står det:

«Budsjettforslag frå kontrollutvalet kan bare endres av kommunestyret. Grunnen til at kontrollutvalgets budsjett er i en særklasse, er at utvalget skal være fritt og uavhengig av de organer som utvalget skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller et organ som kontrollutvalget skal kontrollere og ha tilsyn med, for eks. formannskapet eller administrasjonsutvalget, får innvirkning på tilsynsorganets budsjetttramme.»

Kommunestyret kan sjølvstilt vedta eit anna budsjett enn det kontrollutvalet foreslår for seg sjølv som organ. Administrasjonen skal ikkje ha innverknad på kontrollutvalet si budsjetttramme.

Av KOSTRA-rettleiaren går det fram at kostnadspostane skal gå fram på funksjon 110 i kommunerekneskapen:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

Budsjettforslag

Teneste	Tekst	Budsjett 2023	Budsjett 2022	Rekneskap 2021
10801	Fast godtgjersle folkevalde	55 000	53 352	53 352
10802	Møtegodtgjersle	24 000	50 000	16 312
10803	Tapt arbeidsforteneste	0	13 000	0
11209	Frikjøp	0	0	4 400
10990	Arbeidsgivaravgift	8 000	12 333	7 394
10508	Trekkpliktig godtgjersle			653
11001	Abonnement og faglitteratur	2 000	1.000	425
11151	Servering	5 000	3.000	1 247
11701	Reiseutgifter, overnatting	20 000	20.000	
11500	Kurs, konferansar, opplæring	44 000	40 000	
11901	Leige lokaler	5 000	0	2 830
11954	Kontingent	7 000	7.000	7 000
	Sum Kontrollutvalet som eige organ/verksemd	170 000	199 685	93 613

11001	Kjøp av revisjonstenester frå Vestland Revisjon	986 000	880 000	841 333
13502	Kjøp av sekretariatstenester frå Vest Kontroll	310 000	280 000	255 000
	Sum kostnadar til kontrollutval, sekretariat og revisjon	1 466 000	1 359 685	1 189 946

I tillegg til budsjettet beløp til Vest Kontroll i 2022 kjem kr. 45 000 som representantskapet gjorde vedtak om 30.09.2022. Dette dekkar ekstrakostnadar i år som følgje av arbeidet med å rekruttere ny dagleg leiar.

Opplæring og kurs

På grunn av koronapandemien var det få konferansar og kurs i åra 2020 til 2022. Etersom det er valår i 2023 vil det gå med ein del midlar til opplæring.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv m.a. dette om opplæring i Kontrollutvalsboka:

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalsmedlemmane held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

Dei konferansane som det er mest aktuelt å delta på er Norges Kommunerevisors Forbund NKRF sin kontrollutvalskonferanse og Forum for kontroll og tilsyn FKT sin fagkonferanse.

Kjøp av revisjonstenester frå Vestland Revisjon

Dagleg leiar i Vestland Revisjon har foreslege kr. 986 000 overfor selskapet sitt styre og representantskap. Beløpet inneheld rekneskapsrevisjon/finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, etterlevingskontroll, attestasjonar, tippemiddelrekneskap, oppmøte i kontrollutval og kommunestyre, samt mindre konsulentoppdrag.

Kjøp av sekretariatstenester frå Vest Kontroll

Budsjettet for Vest Kontroll sine tenester til kommunen er vedteke av selskapet sitt representantskap.

Saksgang

Budsjettframlegget frå kontrollutvalet om til kontrollordninga må leggjast inn i kommunen sin budsjettmodul og følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret.



Arkiv:
JournalpostID: 22/32717
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 12.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/030	Stad kontrollutval	19.10.2022

ÅRSREKNESKAP, ÅRSMELDING, REVISJONSMELDNG 2021 NORDFJORD MILJØVERK IKS (NOMIL)

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 for Nordfjord Miljøverk IKS til vitende.

Vedlegg i saka:

12.10.2022	Styret si årsmelding 2021 med årsrekneskap og revisjonsmelding	1530353
12.10.2022	Utskrift frå styremøte der årsrekneskapen er handsama	1530354
12.10.2022	Utskrift frå møte i representantskapet der årsrekneskapen er behandla	1530355

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

STKU- 22/030 Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 for Nordfjord Miljøverk IKS til vitende.

Faktaopplysningar:

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommuneleva § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval § 13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Selskapet er eit interkommunalt selskap for avfallshandtering etter forureiningslova § 30 og 34 for kommunane; Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn.
- Eigarandel til kvar kommune er fastsett etter folketalet i kommunen. Kvar kommune heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet si gjeld.

- Det var vesentleg auke i talet på abonnementar og endring i eigarstrukturen i samband med kommunereforma. Flora-delen av Kinn Kommune gjekk over til Nomil 1.1.2020. Kinn har den høgste eigarandelen i selskapet.
- Årsrekneskapen viser eit overskot på 4,9 mill. kr. Det er vesentleg høgre enn budsjettert og 2020.
- **Inntektene er på 89 mill. kr.**
 - Det er auke på 7,1 mill. i forhold til 2020 og utgjør 8,7 %
 - I forhold til budsjettet er inntektsauken på 7,2 %
 - 75 % av inntektene kjem frå private abonnentar
 - Inntektsauken kjem av gode prisar på levering av metall, plastemballasje, papp og papir, samt auke i gebyra frå abonnentane
- Eigenkapitalen på 11,6 mill. kr. utgjør 18,8% av totalkapitalen (sum gjeld og eigenkapital) 31.12.2021. Dette nøkkeltalet blir kalla eigenkapitalandel og soliditet, og seier noko om kor stor støtpute selskapet har for å tåle tap. Pr. 31.12.20 var dette nøkkeltalet på 12 %.
- Selskapet har ved utgangen av 2021 35 årsverk fordelt på 39 tilsette.
- Sjukefråvær er lavt med 2,4 %, ein nedgang frå 5,2 % i 2020. Selskapet har ikkje hatt alvorlege arbeidsuhell i 2021, men i 2022. Det er fokus på HMS.
- Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt.
- Viser til vedlegga for utfyllande informasjon.

Sakshandsamar:

Jorunn Sandal, Spesialrådgjevar

Vest kontroll

Jostein Støylen

Dagleg leiar



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/32260
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 07.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/031	Stad kontrollutval	19.10.2022

Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Sakar som må følgast opp vidare er merka i vedtaksoppfølginga.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Vedlegg i saka:

07.10.2022 VEDTAKSOPPFØLGING - dokument 1529611

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

Kontrollutvalet merkar seg at sak 22/022 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Rutinar for anbod og innkjøp er satt opp som ferdig. Kontrollutvalet tok til drøfting at dei ville vurdere ein nærare gjennomgang på denne saka då ein ikkje har fått stadfesting på at tiltaka fungerer.

STKU- 22/031 Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om ei saksutgreiing på korleis Forvaltningsprosjektet - Rutinar for anbod og innkjøp kan følgjast opp.

Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

Vest kontroll
Dagleg leiar
Jostein Støylen



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/32332
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 07.10.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
22/032	Stad kontrollutval	19.10.2022

Saker til eventuell seinare behandling

Stad kontrollutval 19.10.2022:

Handsaming:

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak.

STKU- 22/032 Vedtak:

Saksopplysningar:

Sekretariatet har ikkje fått innspel til saker for seinare behandling.